



Fræna kommune
Teknisk forvaltning
Plan

Arkiv: 11005
Arkivsaksnr: 2011/1570-47
Sakshandsamar: Rune Iversen

Saksframlegg

Utval	Utvallssak	Møtedato
Plan- og økonomiutvalet i Fræna kommune	30/2013	04.03.2013
Plan- og økonomiutvalet i Fræna kommune	39/2013	08.04.2013
Kommunestyret i Fræna	12/2013	22.04.2013

Områderegulering Elnesvågen Sentrum - til godkjenning

Saksdokument:

Oversiktskart, datert 30.04.12
Forslag til reguleringsplan, datert 30.04.12, sist endra 22.02.13
Forslag til reguleringsføresegner, datert 30.04.12, sist endra 22.02.13
Planomtale, datert 30.04.12
ROS-analyse, datert 01.02.12

Innkomne innspel:

Offentlege innspel:

Statens Vegvesen, datert 07.01.13, 25.07.12
Møre og Romsdal Fylkekommune, datert 18.07.12
Fylkesmannen i Møre og Romsdal, datert 26.07.12


Private innspel:

Ingrid Aas og Kai Henning Nilsen, datert 20.12.12, 09.08.12
Solveig R. Solheim og Jonas F. Solheim, datert 21.12.12, 03.01.13, 05.08.12
Malena Haukås, datert 27.07.12
Helge Jostein Holten, datert 02.08.12
Else Stavik, datert 09.08.12
Paul Gunder Groven, datert 10.08.12
Ola Eidem og Berit Vold Eidem, datert 09.08.12
Haukås Grendeutval v/Geir Inge Solheim, datert 10.08.12
IS Flatmobygget v/Ambjørge Flatmo, datert 10.08.12
Bølgen Terrasse Sameie v/Geir Inge Solheim, datert 10.08.12
Marit Brudeset og Arnfinn Smørholm, datert 08.08.12

Saksopplysningar

Det har gått føre seg eit omfattande planarbeid for utforming av Elnesvågen sentrum sidan første planen for sørsida av sentrum vart ferdigstilt i 2004 og med planar utarbeidd for nordsida ferdigstilt i 2006. Målet har vore å få til eit sentrum som fungerte som ei heilheit med den utfordringa som ligg i ein sterkt trafikkert veg som skilje mellom to områder. I tillegg har vi ei utfordring for utvikling av eit godt sentrum i den viste omkøyingslina mellom det regulerede området og sjøen. I ein periode på fleire år arbeidde to landskapsarkitektur og med ekstern ekspertise (Valborg Leivestad) for å ta nye grep for utvikling av tettstaden. Eit av hovudgrepa dengongen var å legge eit lokk over innfartsvegen og slik løyse utfordringane for sentrum og omkøyingsvegen. Statens Vegvesen som var vegeigar av RV 64 gjennom Elnesvågen avviste dette som eit aktuelt tiltak dengongen.

På grunn av denne haldninga har kommunen sett på andre grep for å løyse dei utfordringane vi står overfor. I den føreliggjande planen har ein freista å avgrense det indre sentrum i ei lengde på om lag 400 m og med ei ytre tiltaksgrense på ca. 1000 m med rundkøyningane på Dalseth og ved Haukås Nedre/kommunehuset som ytterpunkt. Sjølve sentrum vert då definert med ein radius på ca. 400 m slik vi definerer tilrådinga frå fylkesplanen for sentrumsdefinisjon. Planforslaget løyser ikkje utfordringa som ligg i omkøyingsvegen.



Kommunen engasjerte firmaet Arkitektkontoret BBW AS til å stå for den faglege styringa av dette planarbeidet og der eit investeringsselskap frå Kristiansund (FG Eigedom AS) saman med kultursjef og fagperson frå teknisk forvaltning i starten utgjorde arbeidsgruppa BBW AS arbeidde opp mot. Det er kommunen som no står att åleine med dette prosjektet og vi har komme fram til forslag til plan for utforming av sentrum i Elnesvågen. Planområdet har vore utvida noko undervegs.

Dette førte til at kommunen måtte lyse ut ein 2. gong oppstart og ny planavgrensing.

Dei viktigaste faktorane med planarbeidet har vore dette:

- Etablere ei kommunikasjonsline mellom nord og sørsida av sentrum og vidare
- Etablere torg og møteplassar. Skape betre ute miljø.
- Miljøgate og gode parkeringsløyseringar.
- Utvide sentrum mot sør.
- Fleirbrukshus/kulturhus.
- Auka bustadbygging i sentrum.

Det er eit sterkt ønskje om å betre utemiljøet i sentrum. Dei eksisterande torga skal opp graderast, det skal etablerast eit nytt torg på sørsida av fylkesvegen og parkeringsløyseringa vert endra. Då vil sentrum kunne stå fram som ein meir attraktivt og grøn stad.

Ein annen viktig faktor i planprosessen har vore å få regulert inn miljøgate, som er på fylket sitt handlingsprogram for 2014. Dette er eit tiltak som skal betre sikkerheita på den trafikkbelasta strekninga, frå kommunehuset til dagens av køyring til Hauglia. Ei betre trafikk- og parkeringsløysering, eit bilfritt sentrumsområde og opp gradering av torga, vil skape eit meir attraktivt sentrum og bidra til å redusere handelslekkasjen til Molde.

Etablering av miljøgate og undergang mellom torga på kvar side av fylkesvegen, opnar for at ein kan utvide sentrum mot sør.

Det har i lengre tid vore arbeid med eit nytt fleirbrukshus i Elnesvågen. Dette var tenkt plassert der ungdomshuset Heimhug tidlegare stod. I planprosessen har ein komme fram til at det er ei betre løysering å plassere fleirbrukshuset ved det nye torget, på sørsida av fylkesvegen.

Kommunen ønskjer også å legge til rette for meir bustadbygging i sentrum. Planforslaget opnar for ei meir konsentrert bygningstype enn kva Elnesvågen har frå før. I tilknytning til sjukeheimen er det sett av tre felt for bygging av omsorgsbustadar. Ein her tenkt å knyte drifta av bustadane med drifta av sjukeheimen. Dette vil vere med og gje ei trygg og god bu form for dei som buset seg på området.

Formålsbruken i det nye planforslaget er lik gjeldande reguleringsplanar, men plasseringa av føremåla er endra og det er større bruk av kombinerte føremål. Utviding av sentrum mot sør er eit nytt grep i høve gjeldande reguleringsplan.

Endringar elles er:

- Miljøgate gjennom sentrum med undergang mellom torg T2 og T4
- Auka byggehøgde og auka bustadbygging i eksisterande sentrum
- Utviding av torgareala
- Nye areal til bygging av omsorgsbustadar og bustadar sør for fylkesvegen
- Avlastningsvegar parallelt med fylkesvegen
- Stenge Hauglivegen som tilkomst til Hauglia, ny tilkomst til områda ovanfor og eventuelt Hauglia via Sentervegen.
- Endra parkeringsløysering og bilfritt sentrum
- Større parkområde og grønne "siktliner" i nord-sør retning

Eksisterande bygg

Områdeplanen opnar for større utbygging i sentrum, både i grunnflate og høgde. Ein av intensjonane er å skape ei anna heilheit enn det er i dag, slik at bygga harmonerer betre saman med god materialbruk, form og farge.

Bustadeigedomane nordaust i planområdet må vike for og gjere plass for den nye tilkomstvegen til Hauglia. Planforslaget vil få konsekvensar for bygningane lengst vest langs fylkesvegen (bustadar og Vikingfjordeigedomen). Ved gjennomføring av planen blir bygningane rivne og erstatta av nye bygg og torg.

Fleire eksisterande bygg må rivast når utbygging av felta B/F/K11, B/F/K12, T4 og FH/H/B1 startar.

Ein bustad på gnr. 46/8 må truleg innløyast og sanerast fordi han ligg så nære fylkesvegen: Bak Bølgen kjøpesenter AS må det gjennomførast tilpassingar på parkeringsanlegg PA1 når varemottaket på B/F/K4 vert etablert, for tilkomsten til varemottaket kjem i konflikt med dei austlegaste parkeringsplassane.

Varemottak

For områda sør for fylkesvegen vert det etablert eigne varemottak for kvart einskild delområde. B/F/K11 og B/F/K12 kan også etablere felles varemottak. For området nord for fylkesvegen vert det etablert to varemottak – på B/F/K4 og B/F/K6. Dei kan, når det glassoverbygde gangarealet på felt F2 og gangbruene er bygd, vere varemottak for ein stor del av sentrumsområdet.

Natur- og ressursgrunnlaget (næringsinteresser)

Planområdet femnar ikkje om landbruks-, natur- eller friluftsområder (LNF). Områdeplanen får difor ikkje konsekvensar for næringsinteresser knytt til landbruk. Plassering av føremåla og ein større bruk av kombinerte føremål er endringar i høve til gjeldande reguleringsplanar, men føremålstypene vert ikkje endra.

Verneinteresser/kulturminne

Fylkeskommunen ber i sin merknad om at det blir tatt omsyn til kulturminna i planarbeidet. Kommunen ser det som viktig å ta vare på kulturminna i planen. Det ligg ei smie på den gamle Vågsetereigedomen aust for Vikingfjord eller Marmaris. Smia vil bli flytta når området blir utbygd. Kor ho blir flytta er det ikkje teke stilling til, men i føresegnene er det teke inn rekkefølgjekrav som sikrar at smia blir ivareteke på ein forsvarleg måte.

Kommunen har valt å vise at bygningane på gardstunet på felt P2 med tida vert fjerna. Bygningane er dårlig vedlikehalde og er truleg komme så langt at dei ikkje lengre kan bergast. Bygget er eit SEFRAK-objekt.

Miljøfaglige forhold

Planområdet ligger like ovanfor 100-metersbeltet langs strandsona. Planforslaget får slik sett ingen innverknad på bruken av strandsona. Etablering av vegane sør for fylkesvegen, gangareal og dei grøne områda i nord-sør retning fører til at alle får ein betre tilgang ned til fjorden. Trafikkstøy frå fylkesvegen vil ein fortsatt ha ved etablering av miljøgata, men det vil ha positiv betydning at farta på denne strekninga vert redusert frå 50 km/t til 40 km/t når miljøgata vert etablert. Dei bustadane som ligg langs den nye avlastningsvegen i sør, vil kunne oppleve auka trafikkstøy i forhold til dagens situasjon.

Grøne interesser/barn sine interesser

For at sentrum skal stå fram som eit attraktivt område, må sentrumsområdet oppgraderast og tilretteleggast for opphald og leik. Tiltaket som er fremja i planen øydelegg ikkje område som er avsett til, eller i bruk av, born og unge. Ei om disponering av føremåla innafør planområdet har gitt erstatningsareal andre stader.

Planforslaget gir etter vår vurdering positive verknadar for barn og unge, mellom anna:

- Store parkområder med gangsamband
- Tryggare i trafikken (gang- og sykkelveger, fortau, tryggare kryssingspunkt over/under fylkesvegen og bilfritt sentrumsområde)
- Tryggare skuleveg ved etablering av miljøgata/trafikksikringstiltaka
- Opp gradering og nyetablering av torg som skal nyttast til ulike aktivitetar
- Fleirbrukshus gir betre og nye kulturtilbud

- Satt krav om opparbeiding av leikeareal for delfelta som skal nyttast til butadføre mål.
- Rekkefølgekrav i føresegnene sikrar at dette blir utført.

Trafikkforhold

Både i den gamle og den nye planen er det føreset at det skal opparbeidast ei miljøgate (miljøprioritert gjennomkøyning). Det skal etablerast ei busslomme på kvar side av miljøgata. Dei får en annen plassering enn dagens busslommer. Desse får gode gangtilknytningar via fortau/gang- og sykkelveg. Eit av tiltaka ved miljøprioritert gjennomkøyning er redusert fart frå 50 km/t til 40 km/t. Tilgrensande areal langs den nye miljøgata rustes opp slik at en sikrar ei god tilpassing mellom vegen og til sluttande område.

Dei trafikale utfordringane ein har i dag blir ikkje løyst berre av ei miljøgate. Det trengs trafiksikringstiltak og andre vegløysningar andre stader innafor planområdet også: Dei trafikale endringane i det nye planforslaget vil bidra til ei endring av køyremønsteret i Elnesvågen. Tilkomsten til Hauglia vert flytta til Sentervegen og tilkomsten slik han er i dag, vert ned gradert (øya vert fjerna og krysset vert smalare) og skal berre nyttast som tilkomst til sentrumsområdet, parkeringsanlegget i nord og som køyre tilkomst til B/F/K7 og B/F/K8.

Dagens tilkomst til sentrumsområdet frå sør vert stengt slik at det bare blir tilkomst frå aust, vest og nord. Sentervegen skal utbyggast med gang- og sykkelveg langs nordsida. På fylkesvegen vil det bli etablert ei indre avkøyringslomme (venstresvingefelt) for å betre trafikkflyten gjennom sentrum.

Det skal byggas ein avlastningsveg sør på planområdet som skal gå parallelt med fylkesvegen. Tilkomst til denne vil vere frå vest i rundkjøringa ved kommunehuset der den vidare blir regulert i eit planforslag for tilstøytande område (Høstmark). Tilslutninga mot aust er ikkje vist i planen fordi den ligg utanfor det definerte avgrensinga i planen, men det er føreset at denne vegen skal førast vidare og inn på fylkesveg FV 230 (mot Kråkneset) jf. skisse om definering av sentrum ovanfor.

Frå avlastningsvegen får ein vidare tilkomst ned til småbåthamna. I planforslaget er vegføringa på denne endra. Vegen er lagt lenger sør rett nord for sjukeheimen. Innafor planområdet er det inn regulert ein tilkomst i nord-sør retning gjennom bustadområdet BB1-BB3. Denne skal fungere som tilkomst til avlastningsvegen frå aust til vegarma fram til FV 230 er på plass.


Avkøyrslene mot sør frå fylkesvegen, skal stengast. Det kan etableras tre nye tilkomstar – alle disse er innregulert i områdeplanen. I tillegg blir det tilkomst til to gangvegar frå fylkesvegen og sørover. Ein vest for B/F/K11 og ein aust for BB2. Eit bilfritt sentrumsområde, tryggare kryssing av hovudvegane, fotgjengarundergang, nye fortau og gangstiar vil kunne føre til eit tryggare sentrumsområde å ferdas i, ikkje minst for dei minste på Haukås barneskule.

Risiko og sårbarheit

Ei utbygging i samsvar med områdeplanen vil etter vår vurdering ikkje føre til negative endringar av risiko- og sårbarheit situasjonen i området. Tiltaka som blir satt i gang som ei følge av områdeplanen, vil betre trafikksituasjonen. Sikkerheita for bilande og dei gåande eller syklande vil bli betre, trafikkflyten gjennom Elnesvågen blir betre og ein får eit bilfritt sentrumsområde.

Avgrensa høyring

Forslag til reguleringsplan områdeplan for Elnesvågen sentrum, låg ute til offentleg ettersyn i tida 18.06. – 10.08.2012. For krysset mellom FV 663 og Sentervegen, viste planen ei forbiøyringslomme inne på eigedomane gnr. 46/35 og 46/59 tilhøyrande Aas/Nilsen og Solheim/Solheim. Dette er i samsvar med gjeldande plan:



Grunneigarane som vert direkte rørt av dette tiltaket har komme med ein sterk argumentasjon mot at forbikøyringslomme blir lagt inn mot og dels på deira eigedomar. Aas/Nilsen peikar på at kommunes argumentasjon har i seg ei anna alternativ løysing for denne forbikøyringslomma og etterlyser denne. Solheim stiller spørsmål om behovet for slik lomme og at ei eventuell utviding med tilrettelegging for optimal trafikkflyt, bør vere knytt opp til ei løysing med ei ventelomme inn mot midten.

I avtale/referat frå møte med vegvesenet er det føreset at vegvesenet skal teikne vegføringa og løysingar i tilknytning til denne som innspel til reguleringsplanarbeidet og som ein del av prosjekteringsarbeidet. Dette er relativt enkle skisser som har i seg naudsynte justeringar og tilpassingar med forslag til busslommer, fortausplassering og slik som her forbikøyringslomme. Dette grunnlaget er blitt innarbeidd i reguleringsplanforslaget.

Etter dette har vegvesenet teikna alternativ med venstresvingefelt. Og i ei sak til førehaving i Det faste utval for plansaker i møte 26.11.12 under sak 148/2012 vedteke å leggje ut sak om forbikøyringslomme på avgrensa høyring.



I samband med den avgrensa høyringa fekk vi inn slike merknadar:

Statens Vegvesen skriv i brev datert 07.01.13

«Som vi har nevnt i tidligere brev, har de sikkerhetsmessige tiltakene som skal gjennomføres her, primært som mål å bedre trafikksikkerheten og da spesielt for de mjuke trafikantene. Erfaringsmessig vil en reduksjon av kjørefarten ha stor virkning. Vi stilte derfor spørsmål om etablering av forbikjøringsfil var et riktig element da en slik fil primært anlegges for å kunne opprettholde hastighetsnivået og bedre trafikkavviklingen.

En ytterligere kanalisering av krysset med venstresvingefil vil utvilsomt ha positiv virkning på trafikkavviklingen, men nødvendigvis ikke for trafikksikkerheten. Det kan tenkes at lengden på et slikt kryss kan virke som en barriere da en må unngå å legge krysningspunkter for mjuke trafikanter der det er tre kjørefelt, og en generelt vil kunne få høyere hastighetsnivå. Vi vil likevel ikke gå mot at kommunen velger er slik løsning for dette krysset. Imidlertid inngår ikke et slikt element i de tiltakene som skal gjennomføres nå. Vedtaket i fylkeskommunen gjelder tiltak av trafikksikkerhetsmessig karakter og ikke tiltak som gjelder trafikkavvikling. Høyst sannsynlig vil dette medføre at det kan ta lang tid før omleggingen kan gjennomføres dersom ikke kommunen iverksetter omleggingen for egne midler. Et slikt vedtak vil videre medføre at fortau på nedsiden vil anlegges langs dagens vegkant, og vi ser bort fra den forbikjøringsfilen planforslaget viser.»

Kommentar:

Etter vegvesenet sine egne retningslinjer (HB 263) vil det ut frå den situasjonen vi har i dag vere rett å dimensjonere krysset med eit venstersvingefelt jf. vår saksutgreiing om avgrensa høyring. Vegvesenet sin kommentar avklarar ikkje det avviket deira gjennomføring vil medføre i høve dette. Ein kommunen har ikkje høve til å gå inn i eit anna organ sitt forvaltningsområde og finansiere tiltak som ligg utanfor kommunens ansvarsområde. Det er difor uaktuelt for ein kommune å gjennomføre tiltak på fylkesveg 663 som ikkje direkte har ein samanheng med kommunale tiltak.

Ingrid Aas og Kai Henning Nilsen skriv slik i si tilbakemelding datert 20.12.12

«Vi setter stor pris på at kommunen anbefaler å tilrettelegge for vente- fil/ venstresvingfelt for sentrumskrysset, en løsning vi hele tiden har hevdet er den beste løsningen både for trafikksikkerhet, trafikkflyt og med minst konsekvenser knyttet til tap av areal for vår eiendom. Med en forventet sterk trafikkvekst knyttet til omlegging av kjøremønsteret i Elnesvågen sentrum samt en betydelig nybygging av boliger som vil ha innkjørsel til hovedveien via krysset, kan vi ikke forstå at forbikjøringsfelt er noe framtidrettet alternativ.

Vi har som nevnt i tidligere korrespondanse og i møte bekreftet velvillighet til å avstå areal til fortau, familien har gjentatte ganger fått erfare hvor farlig det er å ferdes og krysse hovedveien, med

hele 2 alvorlige påkjørsler. Et forbikjøringsfelt vil etter vårt syn øke trafikkfaren ved kryssing og vil ikke kunne aksepteres fra vår side.

Med et relativt kort tidsperspektiv for realisering etterlyser vi nok en gang en utredning av konsekvenser for omlegging av sentrumskrysset, med stenging av påkjørsel og ulemper knyttet til økt trafikkstøy. Under møtet for ca 1 år siden diskuterte vi behov for flytting av garasje anlegg samt støyskjerming som minimumskrav fra vår side. I tillegg kommer naturlig nok krav om kompensasjon for tap av areal og hageanlegg, basert på markedsvurdering av eiendommen, samt ulempevurdering knyttet til endret tilkomst. Vi ber derfor om fortgang i planlegging videre slik at nødvendige tiltak kan iverksettes før vår avkjøring stenges.»

Solveig og Jonas Solheim skriv slik i sin konklusjon datert 21.12.12

«Oppsummering/vår anbefaling.

I prioritert rekkefølge er vår anbefaling slik:

1. Venstresvingefelt (alt. B eller C, skisser fra SVV)
2. Alt 0+ (Dagens kryssløsning, men med fortau på sørsiden)

Bygges det forbikjøringslomme (alt. A, skisse fra SVV), bygger man en dårlig trafikal løsning som ødelegger vår og andres eiendom mer enn ”nødvendig”. Da bør man regulere med venstresvingefelt og heller beholde dagens situasjon en tid til og arbeide for å få økte rammer til en senere utbygging. Stenges dagens adkomst til fylkesvegen må et alternativ stå klart i god tid før stenging. Blir det valgt en løsning som gjør at vår garasje ikke lenger kan nyttes som i dag må det oppføres en ny garasje enten foran eksisterende garasje eller på erstatningsarealer mot vest i sammenheng med ny adkomst. Vi forutsetter at en eventuell ny adkomstveg fra rundkjøringen og ”Nedre Haukås” blir en kommunal veg frem til vår eiendom, slik at kommunen besørger (vinter)vedlikehold.»

Uttalen er supplert 03.01.13 slik:

Vi ønsker å komme med et tillegg til den uttalen vi sendte 21.desember angående denne saken. Vi ber om at det i rekkefølgebestemmelsene blir lagt inn et punkt som sikrer fortsatt adkomst til vår eiendom.

Forslag til rekkefølgebestemmelse:

«Tiltak i tilknytning til fylkesvegen som påvirker adkomsten til eiendommen og bruksmuligheten av garasjen til 46/35 kan ikke iverksettes før tilfredstillende ny adkomst- og garasjeløsning er opparbeidet.

Dette kan også være aktuelt for naboeiendommen 46/59, men dette er ikke diskutert med dem.»

Kommentar:

I planen er det lagt opp til at ein opprettheld direkteavkjøryrlene. Ei avklaring av ny tilkomst vil måtte skje etter ny oppstart på planarbeidet der tilsluttande areal som kan vise alternative tilkomst, vert teke inn i planområdet.

Frå den 1. høyringa fekk vi slike tilbakemeldingar:

Møre og Romsdal Fylkeskommune datert 18.07.12

«Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

Automatisk freda kulturminne

Vi minner om, og viser til, våre merknader i brev av 21.07.2011, der vi skreiv at den aller austlegaste delen av planområdet inneheld potensiale for funn av automatisk freda kulturminne som ligg skjult under markoverflata. Dette inneber at det må gjennomførast ei mindre registrering med gravemaskin før den endelege planen eventuelt kan godkjennast. Truleg vil ei slik registrering kunne gjennomførast i løpet av 2-6 dagar i felt. Vi gjer merksam på at tiltakshavar må dekkje utgiftene ved ei slik registrering, jf. §§ 9 og 10 i kulturminneloven.

Konklusjon

Det er krav om arkeologisk registrering som må vere gjennomført før plana kan godkjennast. Inntil dette er gjennomført har vi motsegn til plana.»

Kommentar:

Registreringsgraving vil bli gjennomført så snart telen er gått og graving er muleg. Planen vil ikkje bli godkjend før dette er gjennomført.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal datert 26.07.12

«Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

Støy

Fylkesveg 663 går gjennom Elnesvågen sentrum, med ein ÅDT på 7050. Planarbeidet har ikkje utarbeidd støysonkart som grunnlag for planen. Normalt er fylkesmannen strenge på at støytilhøva skal greiast ut og naudsynte tiltak vere innarbeida i planen. Reguleringsplanen har i dette tilfellet ei så stor grad av ulike kombinasjonsformål som er lite eigna for å vurdere aktuelle tiltak, at vi kan akseptere at støyutgreiingane blir gjort for dei enkelte delområda etter kvart som dei blir utbygd.

I § 3.9 er det difor fastsett at krav til støyskjerming skal tilfredsstill MD sitt rundskriv T-1442. Til opplysning er dette no revidert, og har nenninga T-1521. Til ordlyden vil vi også foreslå at formuleringa «*krav til støyskjerming*» blir endra til «*krav til støynivå*». I § 3.1 er det tatt inn krav til ulikt innhald i situasjonsplan og byggesøknad. For å sikre tilstrekkeleg avgjerdsgrunnlag opp i mot § 3.9, meiner fylkesmannen det er naudsynt å ta inn krav om støyanalyser som grunnlag for situasjonsplan, og at eventuelle støytiltak skal visast i situasjonsplanen. Så lenge det ikkje ligg føre støyanalyser for reguleringsplanen, må dette kravet gjelde samtlege delområde i planen. Vi reknar uansett med at i tillegg til fylkesvegen vil også ny veg til Hauglia og ny avlastningsveg i sør kunne få ei trafikkmengde som utløyser krav om støyanalyser.

Konklusjon

Fylkesmannen har motsegn til planen inn til det tatt ei føresegn i § 3.1 som sikrar at støyanalyser ligg til grunn for utarbeiding av situasjonsplan, og at naudsynte støytiltak blir vist i situasjonsplan og/eller dokumentert i byggesøknad for reine fasadetiltak.»

Kommentar

§ 3.1 vil bli endra slik at krav om støyanalyser ligg til grunn for utarbeiding av situasjonsplan, og at naudsynte støytiltak blir vist i situasjonsplanen og eller dokumentert i byggesøknad for reine fasadetiltak.

Statens Vegvesen datert 25.07.12

«Det vises til oversendelse datert 13.juni 2012. Videre vises det til en rekke møter vedrørende dette planarbeidet.

Den detaljplanen Vegvesenet har utarbeidet for miljøtiltak langs fylkesvegen, er i store trekk innarbeidet i dette forslaget til områderegulering. Imidlertid burde planområdet ha vært utvidet vestover mot «Haukås Nedre» da atkomstordningene mv. for bebyggelsen på sørsiden av fylkesvegen lengst vest i planområdet, ikke er avklarende. Sannsynligvis må også en bygning fjernes for å kunne etablere fortau. Når de sikkerhetsmessige tiltakene har til mål å oppnå en reduksjon av kjørehastigheten gjennom sentrum og således bedre forholdene for de mjuke trafikantene, er vi fortsatt noe betenkt til etablering av forbikjøringsfil i krysset med V2 selv om denne vil bedre trafikkavviklingen.

Planforslaget viser tre opphøyde gangfelt som en del av miljøtiltaket. Avstanden mellom de to

østligste feltene er stor, og for å unngå fartsøkning på trafikken mellom disse, må det vurderes fartsdempende tiltak midt mellom disse. Fra fortauet bør det reguleres gangramper fra fortauet ned til torgområdet.

Vi har tidligere akseptert en nokså redusert byggegrenseavstand langs fylkesvegen for forretninger mv. i selve sentrum. Det bør ikke tilrettelegges for parkering mellom fortau og denne byggegrensen. På planforslaget lengst øst i området, har også boligområdene fått en slik avstand. På grunn av støy og annen forurensning fra trafikken, mener vi at byggegrensen her må økes med minst 10m.

Lengst øst i planområdet viser planforslaget gang-/sykkelveg på østsiden av BB2 og 3. Den geometriske utformingen må justeres da denne synes å ha tilknytning til fylkesvegen, og da nærmest som en avkjørsel. Avkjørselen mellom fortau og gang-/sykkelveg må utformes i samsvar med den løsningen som er vist for tilsvarende tilknytning rett vest for B/F/K 11.

Planforslaget viser ikke frisisiktsoner i kryss/avkjørsler til fylkesvegen. Vi antar imidlertid at dette vil bli innarbeidet i framtidige detaljplaner.

Eksisterende rundkjøring markerer sentrumsområdet fra vest, og vi har tidligere uttalt at en burde etablere en slik markering fra øst og da primært i tilknytning til dagens kryss med Hauglivegen. Selv om denne vegen utgår som atkomstveg til boligområdene, burde det likevel ha vært en form for markering av innkjøringen til sentrum. Mener kommunen at en på sikt skal utvide sentrumsområdet østover mot regulert rundkjøring ved krysset til Dalalia, og at denne rundkjøringen skal markere sentrum, vil det være påkrevet med fartsdempende tiltak på strekningen.

Kommentar:

Forbikøyringsfil er vist i planforslag og argumentasjonen som er lagt til grunn for dette er vegvesenet si handbok HB 263 «utforming av veg og gatekryss». Dette skal vere ei rettesnor for god og sikker trafikkavvikling. Vi har valt å nytte denne, medan fagorganet ut frå eit økonomisk perspektiv stiller spørsmål ved om god og sikker flyt i trafikken verkeleg går hand i han slik deira eiga handbok føreset.

Plassering av gangfelte gjennom sentrum er innteke i planen slik vegvesenet sitt prosjekteringsforslag viser. Dersom dei no ønskjer ei endring på dette, ber vi om at dette vert nedfelt i vegvesenet si prosjekteringsskisse og oversendt oss snarast råd er, slik at vi kan innarbeide dette i planen.

Vi forstår vegvesenet sitt ønske om å auke byggeavstanden i områda BB1 Og BB2, men planen føreset at det i samband med utbygging av det enkelte delområde vert føreteke støyvurderingar i samband med utarbeiding av detaljreguleringar som vil komme før opparbeiding av dei einkilde områda.

Gangvegtilknytning for området aust for BB 3 er retta opp slik at gangvegen er knytt opp til det planlagte gangvegssystemet.

Avslutningsvis kommenterer vegvesenet korleis dei har sett føres seg ei markering på inngangen til sentrumsområdet. Frå vest er det meint å nytte eksisterande rundkøyering ved kommunehuset medan det frå aust blir gitt uttrykk for at dei ville ha ei slik markering ved krysset til Hauglia. Dessverre har vi ikkje klart å registrere at vegvesenet tidlegare har komme med eit slike innspel korkje til gjeldande plan eller i det planarbeidet vi har no. Derimot er vi kjent med at vegvesenet har vore med med i planarbeidet for etablering av ei rundkøyering ved Dalseth, at det internt i vegvesenet har vore usemje om ein skulle ta med rundkøyeringa ved Dalseth som innfallsport til sentrum og at dei rundkøyeringane som har vore med i kostnadskalkylene skulle vere der dei juridiske retningslinene som ein reguleringsplan er, viser at dei skal vere. Ved direkte konfrontasjon har vegvesenet no

konkludert med at ei markering vil kunne skje innafør gjeldande reguleringsplan aust for krysset til Hauglia.

I samtale med fylket/vegvesenet har spørsmålet om tilpassingar i rundkøyringa ved Dalseth vore drøfta. Dersom det er ønskjeleg kan kommunen stå for denne tilpassinga kan ein eventuelt utvide planområdet slik at ein tek med naudsynte tiltak på fylkesvegen for å gjere vegen trygg og god å ferdast på både for gåande og køyrande slik vegvesenet opnar opp for i skrevet sitt.

Malena Haukås datert 27.07.12

«Jeg har mottatt brevet angående regulering av Elnesvågen sentrum, som medfører riving av min eiendom Sentervegen 9.

Dette er en meget ubehagelig situasjon for meg, og lite forutsigbart. Der er ikke lenger en ca 2 år siden Fræna Kommune var ivrige pådrivere for å få solgt min eiendom til O.T Flataker, Det er vanskelig å forstå at O.T Flataker ville kjøpe denne eiendommen - for så å selge den til Fræna kommune til riving for et nytt vegprosjekt.

Om denne planen skulle bli gjennomført, forventer jeg at min eiendom vil bli innløst til en pris jeg kan akseptere.»

Kommentar:

Når veg blir føreslått lagt gjennom bustadeigedom gir dette direkte innløysingsrett jf plbl § 15-2 Det vil seie at seinast 2 år etter godkjenning av planen skal egedomen vere tilboden innløyst. Dette er føreseieleg. Parten var for få år tilbake samd i innløysing av egedomen i samsvar med marknadstakst.

Helge Jostein Holten datert 02.08.12

«Jeg har følgende merknader til forslaget til reguleringsplan for Elnesvågen sentrum:

Jeg kan ikke godta at planforslaget forutsetter at mitt bolighus skal saneres som følge av ny veg forutsettes bygd over min eiendom.

Det er unødvendig å legge opp til en sanering av mitt bolighus idet vegføringen fra Hauglivegen til «ny» Senterveg kan løses på en annen tilfredsstillende måte rent planfaglig. Sammenkoplingen av disse vegene kan enten gjennomføres nedenfor min boligeiendom eller ovenfor min eiendom, slik at min eiendom fortsatt kan benyttes som boligeiendom.

Dersom kommunen gjennom en endelig reguleringsplan går inn for at mitt bolighus skal saneres og med innløsning av min boligeiendom, kreves full erstatning for inngrepet. Boligeiendommen må i så fall innløses basert på gjenanskaffelsesprinsippet for en tilsvarende sentralt beliggende eiendom.

I tillegg vil det fremmet krav om ulempeserstatning, samt kompensasjon for juridisk bistand knyttet til en eventuell innløsningssak.

Jeg er kjent med at kommunen står under tilsyn av Staten som følge av at kommunen har en ekstremt dårlig økonomi. Et slikt faktum tilsier at en ved utarbeidelsen av reguleringsplanen for sentrumsområdet utviser varsomhet med å legge opp til en plan som krever dyre løsninger med blant annet sanering av eksisterende bebyggelse.»

Kommentar:

Ei godkjenning av planen medfører innløysingsplikt for areal disponert til vegføremål jf plbl§ 15-2 «Grunneierens rett til innløsning ved reguleringsplan.» jf også oreigningslova. Ei innløysing medfører full erstatning for det tap grunneigar vil lide ved gjennomføring av tiltaket.

Ulempeerstatning går på ulemper på gjenværende eigedom. Ved innløyasing er dette ikkje ei aktuell problemstilling.

Ved reguleringsarbeid tek ein utgangspunkt i ideelle løysingar og tilpassar desse på vegen vidare. Vi forstår at slike tiltak kan vere provoserande for dei det går ut over, og ein må fare fram med varsemd. Det vil bli gjort også i denne saka.

Kostnadane med omlegging av veg vert i utgangspunktet lasta kommunen som grunneigar og tiltakshavar, men er føreset at bli avklart økonomisk i høve det utbyggingspotensialet som er på staden og skal slik sett ikkje laste kommunens budsjett eller økonomi på sikt.

Else Stavik datert 9.8.12

«Viser til brev av 13.06.2012 og ønsker med dette å komme med merknader til reguleringsplanarbeidet.

Undertegnede hadde innspell til planarbeidet i forrige runde, datert 25.07.2011. Merknader var blant annet vedrørende drenering til det eldste huset. Kommunen har som merknad i forslaget datert 13.06.2012 at det eldste huset ligg slik til at det burde innløyast og fjernast. Dette var ikke nevnt i forrige plan for oppstart av reguleringsarbeid Elnesvågen sentrum. Jeg ønsker ikke at huset skal fjernes.

Undertegnede er heller ikke villig til at tomt skal benyttes til vei for nabo, da dette vil føre til at eiendommen blir betydelig forringet og vanskelig å brukes til boligformål.

I tilfelle kommunen ønsker å jobbe videre med ovennevnte løsninger ønsker jeg at det blir innkalt til et møte for å drøfte dette.»

Kommentar:

Vi registrerer motvilje til forslag om å finne alternative løysingar for tilkomst til to hus lengre aust med direkteavkøyrslar som ved alternative løysingar for ny tilkomst kan røre ved denne eigedomen. Planen legg ikkje opp til sanering av dei aktuelle avkøyrslene i denne omgangen. Sanering av det huset som ligg i kantsonen for vegføremålet og innafor byggelina er difor ikkje ein spesifikk konsekvens av det føreliggjande planforslaget. På sikt bør huset likevel fjernast. Ved fjerning vil eigar få full erstatning for bygget. Denne planen føreset ikkje riving av bustaden, men vegvesenet har lagt inn kostnadar til riving og erstatning i si kalkyle for miljøprioritert gjennomkøyring i Elnesvågen.

